



Ombodsmøte 2022

For Sunnmør Skyttarsamlag

Møtestad: Sykkylven

06.12.2022

Møteprotokoll



Sakliste

| | |
|--|---|
| Sak 1: Godkjenne innkalling | 2 |
| Sak 2: Godkjenne sakliste, samt ombod | 2 |
| Sak 3: Val av møteiar | 3 |
| Sak 4: Val av referent til å føre møteprotokoll | 3 |
| Sak 5: Val av to representantar til å skrive under protokoll | 3 |
| Sak 6: Årsmelding styret..... | 4 |
| Sak 7: Årsmelding Ungdomsutvalet..... | 4 |
| Sak 8: Revisjonsmelding | 4 |
| Sak 9: Godkjenne rekneskap | 5 |
| Sak 10: Utdeling av ungdomsstipend 2022 (orienteringssak)..... | 5 |
| Sak 11: Endring av ungdomsstipend frå og med 2023..... | 5 |
| Sak 12: Elektronisk stang- og felthurtiganlegg (orienterings-/oppfordringssak) | 6 |
| Sak 13: Endring i statutt for samlagsstemne bane | 6 |
| Sak 14: Terminliste 2023 | 8 |
| Sak 15: Behandle budsjett 2023 | 8 |
| Sak 16: Val 2023 | 9 |



Sak 1: Godkjenne innkalling

Ordinær innkalling skal sendast ut til alle skyttarlag i samlaget seinast åtte veke før ombodsmøtet, og formell innkalling med saksdokument seinast to veke før ombodsmøtet.

Ordinær innkalling blei sendt ut til skyttarlaga per e-post 04.09.2022. Formell innkalling blei sendt ut til skyttarlaga per e-post 20.11.2022.

Styret i Sunnmør Skyttarsamlag føreslår følgjande vedtak for Ombodsmøtet:

«Innkalling til ombodsmøtet 2022 vert godkjent.»

Følgjande personar hadde ordet:

Vedtak: Innkalling til ombodsmøtet 2022 vert godkjent.

Sak 2: Godkjenne sakliste, samt ombod

Saklista kjem fram på side nr 1 i dokumentet.

Følgjande ombod har møtt til møtet:

| Skyttarlag | Tillatt oppmøtte ombod | Møtte ombod |
|--------------------|------------------------|-------------|
| Aalesund | Sju ombod | 5 |
| Engesetdal/Skodje | Sju ombod | 5 |
| Hildre og Brattvåg | Fem ombod | 1 |
| Langevåg | Seks ombod | 2 |
| Liabygda | Fire ombod | 0 |
| Solberg | To ombod | 0 |
| Stordal | Fire ombod | 0 |
| Sunnylven | Fem ombod | 3 |
| Sykkylven | Sju ombod | 6 |
| Søvik | Fire ombod | 0 |
| Tafjord | To ombod | 0 |
| Valldal | Fem ombod | 0 |
| Vestrefjord | Fire ombod | 0 |
| Ytterdal | Fem ombod | 0 |
| Ørskog | Fem ombod | 4 |

Styret i Sunnmør Skyttarsamlag føreslår følgjande vedtak for Ombodsmøtet:

«Sakliste og oppmøtte ombod til Ombodsmøtet 2022 vert godkjent.»

Følgjande personar hadde ordet:



Vedtak: Sakliste og oppmøtte ombod til Ombodsmøtet 2022 vert godkjent.

Sak 3: Val av møteleiar

Ombodsmøtet leiar av leiar av styret i Sunnmør Skyttarsamlag, om der ikkje er valt nokon anna ordstyrar på førehand.

Der er ikkje valt nokon anna ordstyrar på førehand.

Styret i Sunnmør Skyttarsamlag foreslår følgjande vedtak for Ombodsmøtet:

«Leiar av styret i Sunnmør Skyttarsamlag vert møteleiar for Ombodsmøtet 2022.»

Følgjande personar hadde ordet:

Vedtak: Leiar av styret i Sunnmør Skyttarsamlag vert møteleiar for Ombodsmøtet 2022.

Sak 4: Val av referent til å føre møteprotokoll

I tradisjon tru har skyttarlag som husar Ombodsmøtet stilt med referent til møtet.

Styret i Sunnmør Skyttarsamlag foreslår følgjande vedtak for Ombodsmøtet:

«Ein representant frå Sykkylven skyttarlag stille som referent til Ombodsmøtet 2022.»

Følgjande personar hadde ordet:

Vedtak: Per Jarle Tynes, Sykkylven

Sak 5: Val av to representantar til å skrive under protokoll

Møteprotokoll frå Ombodsmøtet skal skrivast under av to representantar frå møtet, samt leiar av styret i Sunnmør Skyttarsamlag.

Styret i Sunnmør Skyttarsamlag foreslår følgjande vedtak for Ombodsmøtet:

«Ein representant frå Langevåg skyttarlag og ein representant frå Sunnlyven skyttarlag skriv under møteprotokoll, i tillegg til samlagsleiar.»

Følgjande personar hadde ordet:



Vedtak: Terje Erstad frå Langevåg skyttarlag og Dag Andre Hauge frå Sunnylvn skyttarlag skriv under møteprotokoll, i tillegg til samlagsleiar.

Sak 6: Årsmelding styret

Årsmelding frå styret i Sunnmør Skyttarsamlag ligg vedlagt i eige hefte som vedlegg 1:

Styret i Sunnmør Skyttarsamlag foreslår følgjande vedtak for Ombodsmøtet:

«Ombodsmøtet godkjenner årsmelding frå styret i Sunnmør Skyttarsamlag.»

Følgjande personar hadde ordet:

Vedtak: Ombodsmøtet godkjenner årsmelding frå styret i Sunnmør Skyttarsamlag, med dei kommentarane som kom fram.

Sak 7: Årsmelding Ungdomsutvalet

Årsmelding frå Ungdomsutvalet i Sunnmør Skyttarsamlag ligg vedlagt i eige hefte som vedlegg 2.

Styret i Sunnmør Skyttarsamlag foreslår følgjande vedtak for Ombodsmøtet:

«Ombodsmøtet godkjenner årsmelding frå styret i Sunnmør Skyttarsamlag.»

Følgjande personar hadde ordet:

Vedtak: Ombodsmøtet godkjenner årsmelding frå styret i Sunnmør Skyttarsamlag.

Sak 8: Revisjonsmelding

Revisorane har gått gjennom bilaga for årsrekneskapet 2022 for Sunnmør Skyttarsamlag, og kjem med fylgjande revisjonsmelding:

(Lim inn revisjonsmelding.)

Styret i Sunnmør Skyttarsamlag foreslår følgjande vedtak for Ombodsmøtet:

«Ombodsmøtet tar revisjonsmelding frå revisorane, om årsrekneskapet 2022, til etterretning.»

Følgjande personar hadde ordet:



Vedtak: Ombodsmøtet tar revisjonsmelding frå revisorane, om årsrekneskapet 2022, til etterretning.

Sak 9: Godkjenne rekneskap

Balanse, årsrekneskap og noter for rekneskapsåret 2022 ligg vedlagt i eige hefte som vedlegg 3.

Styret i Sunnmør Skyttarsamlag foreslår følgjande vedtak for Ombodsmøtet:

«Ombodsmøtet godkjenner årsrekneskapet 2022 for Sunnmør Skyttarsamlag.»

Følgjande personar hadde ordet: Roger Vangen, har snakka med banken og dei anbefaler at ein del av det som laget har på konto setjast inn på fastrentekonto. Ombodsmøtet slutta seg til forslaget.

Vedtak: Ombodsmøtet godkjenner årsrekneskapet 2022 for Sunnmør Skyttarsamlag.

Sak 10: Utdeling av ungdomsstipend 2022 (orienterings sak)

| Skyttar | 350klubben 500kr | Medalje på LS, 750kr | 1.plass LS sølvfat+2000kr | Totalt i kr |
|---------------------------|---------------------|-------------------------|------------------------------|-------------|
| Teodor Klokset Lilleng | | x | x | 2750 |
| TOTALT I KR | | | | 2750 |

Ein ungdomsskyttar kvalifiserte seg til Sunnmør Skyttarsamlag sitt ungdomsstipend:

Sak 11: Endring av ungdomsstipend frå og med 2023

Saka er fremja av styret i Sunnmør Skyttarsamlag.

Bakgrunn:

Dagens ordning rundt ungdomsstipendet som vert delt ut av Sunnmør Skyttarsamlag er satt til følgjande:

| Type stipend | Beløp |
|---------------------------|------------------|
| Medlemsskap i 350-klubben | 500kr |
| Medalje på LS | 750kr |
| Siger på LS | 2000kr + sølvfat |

Sølvfatet som vert delt ut til vinnar av si klasse på LS har ein kostnad på ca. 3100kr inkl. mva. Det er ikkje kvart år dette vert delt ut, og nokre år har det vore delt ut fleire fat. Styret meine at dette er eit relativt stort beløp, når skyttaren i tillegg får utbetalt eit beløp på 2000kr.



Styret i Sunnmør Skyttarsamlag foreslår følgjande vedtak for Ombodsmøtet:

«Det vert innført ein ny ordning med ein gravert gjenstand i form av plakett/skjold som ein synleg gratulasjon frå Sunnmør Skyttarsamlag til LS-vinnarar frå og med 2023, i staden for dagens sølvfat.»

Følgjande personar hadde ordet:

Vedtak: Det vert innført ein ny ordning med ein gravert gjenstand i form av plakett/skjold som ein synleg gratulasjon frå Sunnmør Skyttarsamlag til LS-vinnarar frå og med 2023, i staden for dagens sølvfat.

Sak 12: Elektronisk stang- og felthurtiganlegg (orienterings-/oppfordringsak)

Samlagsleiar orienterar om samlagsstyret sine tankar rundt bygging av elektronisk stang- og felthurtiganlegg i Sunnmør Skyttarsamlag.

Sak 13: Endring i statutt for samlagsstemne bane

Saka er fremja av styret i Sunnmør Skyttarsamlag.

Styret har diskutert reglane rundt lagskyting på samlagsstemne bane, og fremje følgjande endringar som er markert med raud tekst:

STATUTTAR SAMLAGSSTEMNET BANE



Program

Det skal skytast eit ordinært 35-skots utandørs program med eiga finale til slutt. Finala blir skote klassevis etter at alle innleiande skytingar er gjennomført. Det skal også arrangerast stang og felthurtig.

Påmelding

Påmeldinga gjennomførast som ei lukka påmelding. Arrangør sett opp klassevise lag til innleiande skyting.

Innskot

PREMIEINNSKOT – ARR.AVGIFT - MEDALJEANDEL

Senior/Vet: 80 – 70 – 40, TOTALT = 190 KR



R/ER/JUN/EJ: 50 – 30 – 20, TOTALT = 100 KR

NU/NV: 50 – 30, TOTALT = 80 KR

Lagskyting

Innskot: 250 kr pr. lag.

Samlaget krev inn avgifta for lagskytinga i etterkant av stemnet.

Oppsett: R/ER/J, 3-mannslag med minst ein skyttar som skyt juniorprogram.

Veteran, ~~3-mannslag med minimum ein V55-skyttar.~~ **3-mannslag med veteranskyttara. Alle skyttarane skyt liggande.** Er det mangel på veteranskyttarar, kan ein ~~senior skyttar~~ med rette alderen skyte som veteran i lagskytinga.

Døme: Veteranlaget kan bestå av 3 stk V55-skyttarar, der alle skyt liggande. Eller 3 stk V65-skyttara der alle skyt liggande. Osv.

Senior, 3-mannslag med skyttarar i ~~3-5~~ **1-5** og/eller klasse EJ.

Lagskytinga skytast mellom hovudskytinga og finaleomgangen.

Laga må være påmeldt før lagskytinga startar.

Ein skyttar kan IKKJE skyte i fleire lagskytingar under meisterskapet.

Er det lik poengsum etter anker etappen så rangerast laga etter tiarregel. Er det fortsatt likt blir det rangert etter etappar: 3.skyttar, 2.skyttar og til slutt 1.skyttar. Er dette også likt så arrangerast det omskyting mellom desse laga. **Ankerskyttarane skyt omskytinga på følgjande måte: 1 minutt prøveskot, enkeltskot i høgste stilling til skyttarane kan skillast.**

Rangering og premiering

Ved lik poengsum etter hovudskytinga så blir det rangert etter tiarregel. Er det fortsatt likt så blir det rangert etter seriar, serie nr. 5, 4, 3, osv. Meisterskapet avgjerast ved omgangen. Er det likt så skal det rangerast etter tiarregel. Om det framleis er likt skal det gjennomførast omskyting til ein vinnar er kåra. Samlaget står for premieringa av meisterskapet mens arrangør premierar for hovudskytinga. Det delast ut

3 medalje i alle ungdomsklasser. Ein NAMMO-medalje med diplom og glasvase, mens nr. 2 og 3 blir tildelt DFS sin ungdomsmedalje. NAMMO-medaljen og diplom blir sendt frå skyttarkontoret automatisk mens ungdomsmedaljene må bestillast med skyttarkontoret. Det blir utdelt meisterskapsmedalje i gylt valør til klasse 2, V55, V65 og V73. I klasse 3-5 blir det delt ut medalje i tre valører. I tillegg skal vinnar av klasse 3-5 få tildelt same type glasvase som ungdommane og meisterskapsnål. Glasvasane bestillast med Orkla Trykk. Arrangøren velje sjølv om det skal delast ut gåvepremiar eller pengepremiar for 25-skota i hovudskytinga.

Ekstra premiering

Arrangørlaget kan fakturere kvart lag, med deltakande skyttara, 500kr i ettertid av stemnet som ekstra premiering for å kunne premiere med litt større premiar.



Resultatservice

Arrangør sende komplette resultatlistar og resultat for lagskyting til samlaget på e-post etter stemnet.

Desse resultatane leggjast inn på OneDrive'n til samlaget.

Styret i Sunnmør Skyttarsamlag foreslår følgjande vedtak for Ombodsmøtet:

«Endringane i «Statuttar samlagsstemne bane», markert i raud tekst, godkjennast.»

Følgjande personar hadde ordet:

Vedtak: Endringane i «Statuttar samlagsstemne bane», markert i raud tekst, godkjennast. I tillegg må det leggjast inn skyteprogram for dei ulike lagskytingane.

Sak 14: Terminliste 2023

Terminliste 2023, som er fremja av styret i Møre-kretsen, ligg vedlagt i eige hefte som vedlegg 4.

Styret i Sunnmør Skyttarsamlag foreslår følgjande vedtak for Ombodsmøtet:

«Datoane og arrangørane for skytestemna som tilhøyrar Sunnmør Skyttarsamlag godkjennast.»

Følgjande personar hadde ordet:

Vedtak: Datoane og arrangørane for skytestemna som tilhøyrar Sunnmør Skyttarsamlag godkjennast med unntak av miniatyrstemnet på Stranda 3-8/1 som utgår. Ombodsmøtet vert halde 5. desember.

Sak 15: Behandle budsjett 2023

Styret i Sunnmør Skyttarsamlag fremje følgjande budsjett for 2023. Budsjettet ligg vedlagt i eige hefte som vedlegg 5.

Styret i Sunnmør Skyttarsamlag foreslår følgjande vedtak for Ombodsmøtet:

«Budsjett for 2023 godkjennast.»

Følgjande personar hadde ordet:

Vedtak: Budsjett for 2023 godkjennast.



Sak 16: Val 2023

Valkomiteen fremje si innstilling til årets val.

Følgjande personar er på val i år:

Samlagsstyret

| | | |
|------------------|-------------------|--|
| Leiar/medlem | Ola Vangen | På val som leiar for eitt år og medlem for to år |
| Nestleiar/medlem | Ola Kåre Dybvik | På val som n.leiar for eitt år og medlem for to år |
| Kasserar/medlem | Roger Vangen | På val som kasserar for eitt år, ikkje som medlem |
| U-kont./medlem | Thor Einar Aurdal | Ikkje på val |
| Styremedlem | Erlend Overaa | På val for 2 år |
| Styremedlem | Ronny Vedå | Ikkje på val |
| Vara | Gaute Aamlid | På val for 1 år |
| Vara | Ottar Hauge | På val for 1 år |
| Vara | Runar Stette | På val for 1 år |

Ungdomsutvalet (Leiar sitt og i samlagsstyret)

| | | |
|--------|--------------------------|-----------------|
| Medlem | Kristian Frøysadal Hauge | På val for 2 år |
| Medlem | Lennart Grønningsæter | Ikkje på val |
| Medlem | Berit E Dybvik | På val for 2 år |

(Må veljast ny ungdomsleiar med funksjonstid for 1 år)

Feltutvalet (Leiar sitt og i samlagsstyret)

| | | |
|-------------------|--------------------|-----------------|
| Leiar | Tom Olav Moldskred | Ikkje på val |
| Medlem | Lars Høybakk | På val for 2 år |
| IT-kontakt | Ronny Vedå | På val for 1 år |

Veteranutvalet

| | | |
|--------|-----------------|-----------------|
| Medlem | Wilfried Kruger | På val for 1 år |
|--------|-----------------|-----------------|



| | | |
|--------|----------------|-----------------|
| Medlem | Lars Slyngstad | På val for 1 år |
| Medlem | Ottar Hauge | På val for 1 år |

Uttaks komité

| | | |
|--------|----------------|-----------------|
| Medlem | Kåre Midthaug | På val for 2 år |
| Medlem | Ivar Fivelstad | Ikkje på val |
| Medlem | Beate Hjellen | Ikkje på val |

Skifeltutvalet Ungdomsutvalet er skifeltutvalet

Banekontakt Ove Tomren På val i 2024

Pressekontakt

For samlaget Beate Hjellen På val for 1 år

Revisorar

Hallbjørn Rasmussen På val for 2 år
Runar K Stette Ikkje på val

Valkomité

Ivar Skaar Pedersen Ikkje på val
Karoline Hansen Veljast for 2 år

Styret i Sunnmør Skyttarsamlag foreslår følgjande vedtak for Ombodsmøtet:

«Valkomiteen si innstilling vert godkjent.»

Følgjande personar hadde ordet:

Vedtak: Følgjande val blei gjennomført.

Samlagsstyret

| | | |
|------------------|-----------------|--|
| Leiar/medlem | Ola Vangen | Valt som leiar for eitt år og medlem for to år |
| Nestleiar/medlem | Ola Kåre Dybvik | Valt som n.leiar for eitt år og medlem for to år |



| | | |
|-----------------|----------------------|-------------------------------|
| Kasserar/medlem | Roger Vangen | Valt som kasserar for eitt år |
| U-kont./medlem | Thor Einar Aurdal | Ikkje på val |
| Styremedlem | Karoline Hansen | Valt for 2 år |
| Styremedlem | Ronny Vedå | Ikkje på val |
| Vara | Gaute Aamlid | Valt for 1 år |
| Vara | Trine Ramsvik Stette | Valt for 1 år |

Ungdomsutvalet (Leiar sitt og i samlagsstyret)

| | | |
|--------|-----------------------|---------------|
| Medlem | Adele Vestre | Valt for 2 år |
| Medlem | Lennart Grønningsæter | Ikkje på val |
| Medlem | Elise Erstad | Valt for 2 år |

(Må veljast ny ungdomsleiar med funksjonstid for 1 år)

Feltutvalet (Leiar sitt og i samlagsstyret)

| | | |
|--------|--------------------|---------------|
| Leiar | Tom Olav Moldskred | Ikkje på val |
| Medlem | Lars Høybakk | Valt for 2 år |

IT-kontakt Ronny Vedå Valt for 1 år

Veteranutvalet

| | | |
|--------|-----------------|---------------|
| Medlem | Wilfried Kruger | Valt for 1 år |
| Medlem | Lars Slyngstad | Valt for 1 år |
| Medlem | Ottar Hauge | Valt for 1 år |

Uttaks komité

| | | |
|--------|----------------|---------------|
| Medlem | Are Hestetun | Valt for 2 år |
| Medlem | Ivar Fivelstad | Ikkje på val |
| Medlem | Beate Hjellen | Ikkje på val |



| | | |
|-----------------------|----------------------------------|---------------|
| Skifeltutvalet | Ungdomsutvalet er skifeltutvalet | |
| Banekontakt | Ove Tomren | På val i 2024 |
| Pressekontakt | | |
| For samlaget | Beate Hjellen | Valt for 1 år |
| Revisorar | | |
| Hallbjørn Rasmussen | | Valt for 2 år |
| Runar K Stette | | Ikkje på val |
| Valkomité | | |
| Ivar Skaar Pedersen | | Ikkje på val |

Sida forslag til kandidat har blitt valt inn i samlagsstyret står denne posten tom. Styret og valkomitèen får i oppdrag å finne ein ny kandidat fram til neste val skal arbeidast med.

Samlagsleiar avslutta ombodsmøtet med å takke for frammøte og ynskja vel heim og god jul og godt nytt år.

Møtet slutt klokken 20:10.

Per Jarle Tynes

referent

Terje Erstad

Dag André Hauge

Ola Vangen